

Epstein-Barr virus (EBV)

Analysemetode

EBV EBNA-1 IgG Chemiluminescent microparticle immuno assay (CMIA), Architect, Abbott
EBV VCA IgG Chemiluminescent microparticle immuno assay (CMIA), Architect, Abbott
EBV VCA IgM Chemiluminescent microparticle immuno assay (CMIA), Architect, Abbott
Immunkromatografi, Clearview IM II Monotest (Inverness Medical)

Indikasjon


Mistanke om Epstein-Barr-virus-mononukleose eller andre EBV-relaterte symptom.
Hos immunkompromitterte med mistenkt atypiske former for EBV-relatert sjukdom bør ein i tillegg vurdere EBV PCR (utført ved Haukeland Universitetssjukehus), konferer evt. med virolog der.

Prøvetaking

Serum, sjå [Serologiske prøvar, prøvetaking](#).

Prøvetakingsutstyr

Serumglas med gel



Prøvevolum

Må ha 200 µl, bør ha 500 µl (repetere, sende, fryse)

Oppbevaring før transport

I kjøleskap.

Haldbarheit

Mononukleose hurtigtest: 3 dagar. Eldre prøvar vurderast.
EBNA-1 IgG, VCA IgG, VCA IgM: 14 dagar. Eldre prøvar vurderast.

Vurdering i laboratoriet

Epstein-Barr-virus-spesifikke antistoff:

Vi påviser spesifikke antistoff mot viralt kapsid-antigen (VCA) IgG og IgM, samt IgG-antistoff mot Epstein Barr virus nukleært antigen (EBNA-1).


Ved ein akutt EBV-infeksjon vil desse antistoffa opptre i ei bestemt rekkefølge, noko som nyttast til å vurdere om pasienten har hatt eller har aktuell eller nyleg gjennomgått infeksjon, sjå nedanståande figur. Vi undersøker difor først EBNA-1 IgG. Er denne positiv, er aktuell infeksjonar utelukka, og undersøkinga avsluttast. Dersom EBNA-1 IgG er negativ,

undersøker vi dei andre parametra for å kunne vurdere om det føreligg haldepunkt for aktuell EBV-infeksjon.

Heterofile antistoff:

Heterofile antistoff er retta mot celler frå andre dyreartar, og påvisast ved Paul Bunnells reaksjon eller mononukleose hurtigtest. Denne metoden kan svikte, særleg hos barn under skulealder, og generelt vil ca 15% av mononukleosepasientar mangle påviselege heterofile antistoff. Hurtigtesten kan og vere "falsk" positiv, i det den i enkelte tilfelle kan halde seg positiv i over eit år etter gjennomgått mononukleose.

Mononukleose hurtigtest utførast berre på prøvar frå pasientar yngre enn 30 år i Helse Førde sine sengepostar og poliklinikkar (obs! kliniske opplysningar), dessutan som eit supplement ved atypiske EBV-mønster.



Sjå [EBV, mogleg serologisk profil](#)

Forventa analysetid

EBV-spesifikke antistoff: 1-5 dagar.

Vert sett opp 2 gonger i veka, og svarast oftast ut same dag som den analyserast.

Mononukleose hurtigtest: 1-2 dagar.

Blir utført same dag vi mottek prøven, og dette blir svart ut som førebels svar.

Feilkjelder

EBV-spesifikke antistoff: Hemolytisk eller kontaminert serum. Post mortem-prøve.

Mononukleose hurtigtest: Sterkt hemolysert eller kontaminert serum.

Utførast av

Serologisk fagområde

Fagområde

Virologi

Rekvisisjonsskjema

Skjema 1084

Skjema 1088

Medisinsk fagleg ansvarleg

Reidar Hjetland

Sist oppdatert

26.07.19 Reidar Hjetland